



Rismyrbollen 1713 måla av Thomas Blix. Gåve til VTM 2013

# Årsmelding for Vest-Telemark Museum 2013

- Økonomiske stoda
- Overordna mål og føremål
- Langsiktige mål og strategiar
- Årsrapport 2013
- Rapport kulturelt mangfald og inkludering
- Kommentar til rekneskap og balanse
- Budsjettframlegg 2015 – nye tiltak

Vedlegg revidert rekneskap 2013, arbeidsbudsjett 2014 og budsjettsøknad 2015

## Økonomiske stoda

Årsrekneskapen er revidert og viser ei drift i hovudsak i tråd med budsjett og driftsplan, og viser eit positivt resultat på 106.926,-. Resultatet styrkar eigenkapitalen. Dei faste offentlege driftstilskot kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2013 62,8 % av samla inntekter, mot 63,1% i 2012 og 70,9 % i 2011. Av dei offentlege tilskotta utgjorde statleg bidrag 53,6 %, medan fylke og kommunar bidreg med høvesvis 25,5 og 20,9 %.

Vidare styrking av eigeninntektene for å sikre driftsgrunnlag og vidare utvikling av museet er prioritert. Budsjettmål var kr. 3.730', medan resultat viser kr. 4.122'. Hovudforklaringa ligg i betre resultat fyrste heilårsope driftsår for Eidsborg, men også i kunstig høge tal for suvenirsal då ein dette året selde ut mykje gamle varelager til reduserte prisar.

Salsutviklinga fordeler seg ulikt, med ein inntektsauke på mat 4,7 %, billettar 0,4 % og suvenir på 51,3 %. Boksalet vart meir enn dobla på grun av ny utgjeving i eigen regi og meir retta salsarbeid på bøker. Auka fokus på varekostnad gav resultat, og vart betra frå 43,3% i 2012 til 46,4%. Målsetjinga er å nå 50% innan to år.

Den positive utviklinga i eksternt finansierte prosjekt heldt fram. For 2013 kunne ein inntektsføre 1.973' som svarar ein auke på 35,4 % samanlikna med 2012. Gjennom prosjekta fekk ein utført viktig utviklingsarbeid og styrkt organisasjonen, og dei styrker også museets relevans og samfunnsrolle.

Personalkostnadane auka frå 2012 med 9,6%, og utgjorde i 2013 52,5 % av samla ramme mot 55,8 % og 59 % i dei to føregåande år. I tillegg er vel 1,5 årsverk knytt til nybygg og utstillingar Nye VTM-Eidsborg, og aktivert i dette prosjektet. Auken i personalkostnadane er knytt til heilårsope i Eidsborg, prosjektstillingar og generell lønsauke. Ein vil gjere merksam på at ein i perioden 2009 til 2013 har hatt ein auke i grunnlaget for pensjonspremie til KLP på 51,9%, medan pensjonspremien har auka med 88,5%.

I høve til likviditet har drifta balansert dei siste år, og det har ikkje vore trøng for å ta opp driftskreditt.

2013 var eit prøveår i høve til heilårsaktivitet i Eidsborg. Det nye tilbodet treng innarbeiding, men ein har gjort visse justeringar frå 2014. Kafè og helgeope er oppretthalde, men tilbodet er noko redusert i lågsesong. Ein må likevel følgje opp dette nøyne, og vurdere ressursbruk opp mot andre delar av verksemda.

Med resultatet for 2013 er den frie eigenkapitalen til stiftinga kr. 974.060,- mot kr. 867.134,- i 2012. Styret og leiinga ved museet har fokus på eigenkapitalen i det vidare budsjettarbeidet. Ein vurderer økonomistyringa som god.

Styret vurderer føresetnadane for det statlege tilskottet som oppfylte.

## Overordna mål og føremål

### Hovudmål 2014-2016

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forsking og formidling i tilknyting til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

## Langsiktige strategiar og planar

### Resultatmål 2014-2016

#### Drift og utvikling

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som heilårsope museum
- arbeide for heilårsope Kunstmuseum for regionen
- auke eigne salsinntekter i 2016 til kr. 4,6 mill.
- styrke marknadsarbeidet og prioritere 2 % av budsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeit
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltarar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

#### Samling

- drifte det nye fellesmagasinet med klare rutiner for mottak, prioritere flytting av samlingar og gjennomgang av registrering
  - avslutte mellombelse magasin
- rullere samlingsforvaltningsplan for VTM

## Årsmelding 2013

- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale og styrking av dei eksisterande temasamlingane
- gjere samlingane tilgjengeleg med DigitaltMuseum
- etablere kjedesenter for regionen med faglege ressursar privatarkiv og fagbibliotek

### Forsking og dokumentasjon

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forsking innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forsking på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

### Formidling

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- auke tilgjenge til musea med revidering opningstider og tilrettelegging for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til born og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kurs

### Vedlikehald og sikring

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar
- etablere realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

## Årsrapport 2013

### Fornying

VTM har gjennom dei seinare år hatt ei tydeleg og sterk utvikling. Gjennom eige arbeid, prosjekt og samarbeid med andre har museet teke ei tydelegare samfunnsrolle ut frå vårt oppdrag. Museet har utvikla seg til å bli ein aktiv samfunnsinstitusjon som i tillegg til dei tradisjonelle museumsoppgåvene gjere viktige arbeid innan kulturvern og dokumentasjon, kunnskapsbygging og formidling, attraksjonsutvikling og reiseliv.

Ein opplever likevel stramme rammer for verksemda, og det naudsynt å gjere harde prioriteringar særskild innan samlingsforvaltning og vedlikehald. Museet opererer i ein stor geografisk region, har ei brei tematisk portefølje og store ansvarsoppgåver. Det er likevel eit nytt tiltak ein har vald å prioritere inn for budsjettsofnaden 2015, privatarkivordning for Telemark.

Privatarkiv eit nytt tiltak med behov for varig auka tilskot. I tett samarbeid med NIA, TM, fylkeskommunen og Statsarkivet har ein gjennom fleire år arbeidd for å finne ei bærekraftig organisering og ressursar til dette feltet, og plan for dette vil bli sluttført i 2014. Ordninga vil for VTM vere viktig for å utfylle vårt samfunnsoppdrag, og vil dekke eit uløyst felt. Viktig kjeldemateriale og kulturarv har allereie gått tapt, men enno er det mykje som er viktig å sikre og tilgjengeleggjere. Vår region representerer sentral historie innan skikultur, folkekunst, dikting, folkemusikk, bilet- og målarkunst, bergverk, lokaldemokratiets utvikling med meir, og det vil forringje vår kunnskap og kulturarv dersom ein utelet dette kjeldematerialet. Ein har no høve for å få plass ei varig og profesjonell ordning på dette, men det er naudsynt at ein får tilført ei basis driftsfinansiering i samarbeid mellom dei tre forvaltningsnivå.

Med nybygget i Eidsborg fekk verksemda eit stort lyft på fleire felt, og førebels kan ein vise til god besøksutvikling samla. Det er likevel store potensiale for anlegget som ikkje henta ut, og ein har også klare utfordringar: frå 2012 til 2013 fall det registrerte enkeltbesøket av barn og unge med 50 %, trass ein betydeleg auke elles til anlegget. Årsaken til dette er mangel på eit retta tilbod for denne gruppa. Som konsekvens har ein difor utvikla plan for eit aktivitetsområde ved museet der ein mellom anna skal byggje ein 100 meter lang modell av Telemarkskanalen, med funksjonelle sluser og kraftverk. Prosjektet er kostnadsrekna til 6 mill, og er no i hovudsak finansiert med bidrag frå Sparebankstiftinga DNB Nor og sponsormidlar frå Statkraft. Opning av kanalparken er planlagt våren 2015.

Behovet for aktivitetsbasert formidling har ein også på fleire av dei andre einingane våre, og for Norsk Skieventyr sin del vonar ein å utvikle eit slikt tilbod i samarbeid med vertskommune Kviteseid i samband med eit sentrumsopprustningsprosjekt.

Som del av vår reiselivsstrategi og utvikling av eigen organisasjon gjekk ein i 2013 inn i bedriftsnettverket USUS (oppriinneleg Agderbasert). Nettverket arbeider særskild med kunderelasjonar og for nettverk, og me vonar også å utvide vårt faglege nettverk og samarbeid.

Det er store bygningsmesige utfordringar ved Dyre Vaa samlingane på Rauland, og utstillingsbygget er i så dårleg stand at eigar Vinje kommune ikkje lenger ynskjer å bruke ressursar på vedlikehald. VTM er difor i dialog med kommunen om å byggje eit nytt kunstmuseum i Rauland og samstundes

## Årsmelding 2013

nytte dette i sentrumsutvikling av denne staden. Framdrift for dette prosjektet er førebels ikkje avklara.

Som presentert i førre rapportering står ein ovanfor store ressurs- og kompetansebehov innan bygningsvernet. VTM gjorde i 2013 ei kartlegging av eigne bygningssamlingar, og den avklarar at vil krevje store ressursar for å kunne koma opp på eit akseptabelt nivå. Vidare finn ein i vår region hovudtyngda av mellomalderhus i tre, som i framover vil krevje kompetanse og ressursar. Frå 2013 innleidde ein tettare dialog med Riksantikvaren og kulturminnevernet i fylket for å finne bærekraftige framtidige løysingar.

Våre viktigaste samarbeidspartnarar er Høgskulen i Telemark, dei andre musea i fylket, Nasjonalmuseet, Norsk Folkemuseum og Bunad og folkedraktrådet. Gjennom våre faglege nettverk og prosjekt opplever me å nå gode resultat og organisatorisk utvikling. Til nyttår vart det 2-årlige prosjektet Telemarksguiden avslutta, og ein starta på oppdrag frå fylkeskommunen opp nytt 3-årig prosjekt som har som mål å utvikle og styrke relasjonane særskild med Midt-Vestenstatane i USA. Etter to vellukka EEA Grants prosjekt i Romania, er VTM ein attraktiv partnar i samband med den siste lanseringa av nye midlar. Det er stor pågang av tilbod utanfrå, og førebels har ein gjort intensjonsavtalar om to prosjekt, eit i Polen (bygningsvern og kulturlandskap) og eit i Romania (bygningsvern og museumsutvikling).

## Forvaltning

Innan samlingsavdelinga gjekk arbeidet vidare med ordning og overføring av materiale til fellesmagasinet. Særskild fokus hadde ein på tekstil, samlingane frå Fyresdal Bygdemuseum og Myklestogo. Siste vart avslutta som formidlingsanlegg og alt materiale er no overført til fellesmagasin eller nytt i utstillingar. Prioritert materiale vert gjennomgjenge, registreringar komplettert og lagt ut på DigitaltMuseum, og ein arbeider aktivt med lisensiering av materialet i tråd med Kulturrådets føringar. Vidare innsamling er svært restriktiv til ein har fått betre kontroll på det ein allereie har, og ein arbeider aktivt med prioritering av samlingane. I 2013 vart det vedteke eigen avhendingspolitikk for VTM. Gjennom avdelinga arbeider ein aktivt for vidare kunnskapsbygging og dokumentasjon av særskild drakt- og tekstilhistoria.

Dette året vart prosjektet Privatarkiv Telemark starta opp i samarbeid med Norsk Industriarbeidermuseum. Prosjektet er toårig og skal byggje kompetanse og infrastruktur for ei privatarkivteneste, ordne og formidle viktig arkivmateriale og utvikle ei varig organisering for privatarkiv i Telemark. 6 bankarkiv vart samla og ordna, i tillegg til eit større advokatarkiv med særskild materiale knytt til kraftutbygginga. Arbeidet vart utført etter arkivfaglege standardar, og publisert på Arkivportalen. Det vart elles i 2013 gjort intensjonsavtale med Telemark Museum om at VTM ordnar og sikrar Norrøna-arkivet, som mellom anna inneheld viktig materiale for historia om Eidsborgbryne for slik å avhjelpe deira situasjon. Arbeidet er organisert som prosjekt og føreset finansiering frå mellom andre Kulturrådet. Privatarkiv er eit nytt fagfelt ved museet som under føresetnad av finansiering kan bli ei varig teneste frå 2015.

Sikringsarbeidet vart gjennomført etter plan med rutinar og teknisk tilsyn. Nytt alarmanlegg vart realisert og sett i drift på Kviteseid Bygdetun, og i tråd med plan vart nytt varslingsanlegg for Åmdals

## Årsmelding 2013

Verk Gruver prosjektert og søkt finansiering på. Under føresetnad av at midlar kjem på plass, vert nytt anlegg realisert i 2014. Klimakontroll og korrigerande tiltak er etablert på Øyfjell bygdemuseum og Vinje Biletgalleri.

Vedlikehald av bygg var avgrensa i 2013, og ein hadde ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagte tiltak, sidan avdelinga også har ansvar for oppfølging av nybygg Eidsborg og utstillingsproduksjon. Gjennomførte tiltak på bygningssamlinga var nye bordtak låve og støylsbu Fyresdal Bygdemuseum, oppretting låve Kviteseid Bygdetun, vøling låve og grunnmur Myllarheimen, vøling torvtak Tveitenstoga i tillegg til vøling av vindauge. Elles har det vore oppfølging av kulturlandskap og uteområde. På samlingsbygg elles kom det på ei omfattande vøling av taket på Norsk Skieventyr, i tillegg til ombygging og oppgradering av kjøkenet. Elles har ein hatt vanleg tilsyn og mindre vølingar.

### Forsking

Viktigaste eige arbeid var sluttføring av dokumentasjon- og formidlingsprosjektet om rosemålaren Knut K Hovden. Med føredrag, utstilling og bokutgjeving vart eit omfattande innsamlingsarbeid formidla og historia sikra.

I samband med Grunnlovsjubileet har ein utvikla eit større prosjekt om bondrepresentanten Talleiv Huvestad. Utstilling, teikneserie og formidlingsopplegg for skulane skal bli utarbeidd, men i forkant har ein hatt eit omfattande kjeldearbeid. I dette har ein hatt samarbeid mellom anna med historieseksjonen på Høgskulen i Telemark.

På hausten vart eit nytt prosjekt utvikla og igangsett på transkripsjon, fagleg kommentering og publisering av dagbøkene etter ordførar og Stortingsmann Ole Blom (1784-1846). Prosjektet er i samarbeid med fyrsteamanuensis Aanund Olsnes, Kviteseid Historielag og Høgskulebiblioteket. Tobindsverk er planlagt klart til hausten 2014.

Elles har ein følgd opp eksterne førespurnader etter våre kjelder og samlingar. Særskild har dette vore bidrag av kjelder og illustrasjonar til det nye verket om Telemarks historie som kjem i 2014, og elles er det førespurnadar frå studentar, lokalhistorikarar og forskarar. Det er sett i gang ei masteroppgåve på brynesteinshistoria (UiO) der museet bidreg med rettleiing og tilrettelegging av kjelder.

Ein har ikkje utarbeidd eigen forskingsplan for VTM, men tiltak og prioriteringar vert gjort i den årlege driftsplan.

### Formidling

Besøket hadde 2013 ein samla oppgang på 3%. Dette trass i ein svak reiselivssommar i regionen, og ein registrert nedgang i besøket på våre museum på 6,5% i sommarmånadane. Større aktivitet på dei heilårsopne einingane reddar slik det samla resultatet.

Også dette året var prega av store utstillingsarbeid:

- Eidsborg: Folkekunst fase 2 (bunad, hardingfele, kniv)

- Eidsborg: Utstilling om rosemålaren Knut K. Hovden
- Kviteseid bygdetun: Draktutstilling om Eldrid Robberstad
- Fyresdal Bygdemuseum: «Kyrkjene som forsvann»
- Dyre Vaa samlingane: Re-etablering av Svalaug Svalastoga
- Skinnarlandsamlinga: Kunstudstilling Olav Mosebekk

Elles heldt ein fram den høge frekvensen på temporærutstillingar i Eidsborg:

- Arne & Carlos: Eit ferdaminne
- Daniel Rybakken: Det nye ljoset
- Eventyrleg (eventyrillustrasjonar)
- Doktor Proktors sensasjonelle samling av Dyr Du Skulle Ønskje Ikkje Fans (DDSØIF)

Tre av desse utstillingane var levert av gallerinettverket ved Nasjonalmuseet.

Norsk Skieventyr:

- Utviding av utstillinga om skiutstyr frå 1930-talet
- Samane i Telemark og deira skikultur
- Jubileumsutstilling i samband med NSE 20 år

I samband med stemmerettsjubileet vart det utarbeidd ei utstilling med opningsarrangement i samarbeid med NIA, og ein publiserte eit eige hefte om lokalt kvinnesaksarbeid og føregangskvinna Ingebjørg Jore frå Rauland, Noregs første kvinnelege redaksjonssekretær (Fedraheimen).

Ein er særskilt nøgd med fleire av utstillingane, men vil særskild trekke fram resultata i samband med stemmerettsjubileet og kyrkjeutstillinga i Fyresdal som fekk gode tilbakemeldingar.

Det blei halde 130 opne arrangement, 18 konserter, og 5 skodespel med til saman 6 framsyningars. Dette er ein auke på 13 % frå året før.

VTM hadde i 2013 framleis berre Jol i gamle dagar knytt til DKS. Men ein utvikla skuleopplegg knytt til temporærutstillingane, og Ski i skulen hadde god deltagning. Slik fekk ein ei auke på heile 147% i skulebesøk frå føregåande år. I samband med Grunnlovsjubileet vert det no utvikla eit opplegg for ungdomssteget og vidaregåande knytt til Kulturskatten/DKS.

Heimesida er hovudkanalen for digital formidling og kontakt, og hadde ei auke med 4,75 % i unike treff. Arbeidet med re-design av heimesida vart sett i gang, og vert avslutta våren 2014. Ein tok for første gong bruk formidling gjennom QR-koding på Myllarheimen.

Plan, strategi og resultatmål for formidling vert årleg rullert og vedteke i driftsplan.

## Inkludering og mangfold

VTM legg vekt på å vere opne og tilgjengelege for alle, og arbeider for å knyte nye grupper til museet. Samarbeidet med Vaksenopplæringa sine norskkurs gjekk vidare, og ein har hatt tilrettelagde innføringer i lokal historie og tradisjon. Elles har me hatt einskilde temadagar med mat frå ulike land.

## Årsmelding 2013

Inkluderingsarbeidet til VTM omfattar framleis også korleis me arbeider. VTM er IA-bedrift, og fortsette det tette samarbeidet med NAV i regionen om hospitering, arbeidsavklaring og tilrettelagde arbeidsplassar.

Gjennom dei nye utstillingane freistar ein også å skape ei tilbod til fleire grupper. Ein vil særskild trekke fram temporærutstillingane der nye tema og målgrupper har vore viktig.

### **Lov om diskriminering og tilgjenge**

Krav til universell utforming og mangfald vert lagt til grunn i planlegging av bygningsmessige tiltak og utforming av utstillingar. Mange av dei gamle utstillingsbygga og dei antikvariske bygningane er likevel ikkje tilrettelagt for alle grupper, og kan heller ikkje bli det utan større og omfattande tiltak. Evaluering av nybygg og utstillingar i Eidsborg vart gjennomført og avdekte få manglar. Arbeidet med ny heimeside og multimedial plan legg WAI-standard til grunn.

### **Likestilling**

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2013 47,7 % kvinner, og i styret er fordelinga 50-50.

### **Grunnlovsjubileet 2014**

Markering Grunnlovsjubileet er allereie omtala ovanfor. Utstilling, arrangement og publikasjonar er koordinert og i samarbeid med kommunale markeringar.

### **Immateriell kulturarv**

Som ved tidlegare rapporteringar.

### **Kommentar til rekneskap og balanse**

Årsrekneskapen er meir utfyllande kommentert under kapittel om den økonomiske stoda. Overskotet går til styrking av eigenkapitalen, og denne vert då gjenopprettet som før 2012. Som rapportert tidlegare er det særskild dei to låna knytt til kjøp av Norsk Skieventyr og Tokke kommune si finansiering av utbygginga i Eidsborg som påverkar balansen. Dette gjere revisor greie for i sine noter til rekneskapen.

Varelager er redusert til kr.1.619' mot kr.1.766' føregåande år. Ein har framleis utfordringar med eit til dels utdatert varelager på suvenir og endringar i kjøpemönster hjå våre gjester. Bruttoforteneste på suvenir er betra til 44,76%, men er enno låg på grunn av ein del gamle varer som ein må selje ut til rabatterte prisar. Bruttofortenesta på mat var 47,15%.

Synleggjort som gjeld/ikkje disponerte inntekter ligg også kr. 440' til ikkje realiserte prosjekt, og kr. 127' i avsett fond til innkjøp til samlingar.

## Oppsummering budsjettframlegg 2015 – nye tiltak

### Tiltak:

Vest-Telemark Museum har ei etablert drift i tråd med kulturpolitiske føringer og regelverk. Ein kan ut frå våre rammer og føresetnader vise til stor aktivitet og gode faglege resultat, og me opplever å vere ein attraktiv samarbeidspartner for andre institusjonar og fagmiljø.

Størst utfordringar for verksemda isolert er innan samlingsforvaltning og bygningsvern.

Profesjonalisering av samlingsforvaltninga, høgare faglege standardar og auka krav til digitalt tilgjenge er ressurskrevjande, og det vil ta mange år før vår pågåande samlingsrevisjon er ferdig. Innan bygningsvern er det også etterslep og store restansar. Det er utfordrande å kunne etablere ei realistisk rullering av vedlikehaldet innan våre rammer, særskild sidan ein som museum ikkje kan få ekstern støtte til særskild krevjande tiltak på freda og verna bygg. Dersom dette ikkje vert endra vil museet måtte gjere strengare prioritering av vedlikehaldet av våre bygningssamlingar, både gjennom val av vedlikehaldsløysingar og ved å definere bygningar ut av samling.

Ser ein ut over museets basisverksemad er likevel situasjonen for privatarkiv i regionen den største utfordringa. Eit viktig arbeid er utført på prosjektbasis seinare år, og etter fleire års arbeid ser det no ut at ein kan få ei løsing for feltet:

Ein viser til tidlegare rapporteringar, og budsjettsøknadar frå Norsk Industriarbeidermuseum og Telemark Museum. Det er no lagt ein organisasjonsmodell som dekker heile Telemark og 2015 vil vere oppstart av eit varig og systematisk arbeid. Tenesta er plassert organisatorisk på dei tre musea, men fagfellesskap er sikra gjennom felles koordinatorrolle og forpliktande samarbeid. Det er frå fylkeskommunen gjort vedtak om vidareføring av prosjektmidlane og lovnad om ei vidare satsing på privatarkiv, under føresetnad av at ein også får bygd opp under med ressursar frå andre. Ein søker difor om eit driftstilskott av storleik kr. 400' frå 2015 knytt til privatarkivarbeidet.

Målsetjing for VTM er at ein frå 2015 har på plass to årsverk med arkivarkompetanse med finansiering frå dei tre forvaltningsnivå. Tenesta skal geografisk dekke dei seks kommunane i Vest-Telemark, dei same som VTM har ansvar for. Føresetnad er fagleg nettverk med arkivressursane ved NIA, TM og Statsarkivet.

Grunngjevinga for å skulle bygge opp ei privatarkivteneste ved VTM er samansett:

- Ressursane er naudsynte for å kunne fylle eit no udekt felt i regionen. Musea i Vest-Telemark har fungert som depotinstitusjonar for privatarkiv sidan det ikkje har vore noko alternativ. Dette trass i at det ikkje er gjeve noko mandat til musea om å ta ei slik oppgåve, og heller ikkje vore ressursar til dette arbeidet. Slik har det heller ikkje blitt gjort noko systematisk prioritert og planmessig innsamling av privatarkiv. Mykje viktig materiale er allereie gått tapt, og mykje vil gå tapt om ein ikkje får på plass ei ordning.
- Statsarkivet på Kongsberg er koordinerande faginstans for privatarkiv i Telemark, eit mandat gjeve av Riksarkivaren, men har ikkje ressursar til noko aktivt arbeid. Statsarkivet seier sjølv at det berre i heilt særskilde tilfelle er aktuelt for dei å ta inn, ordne og formidle privatarkiv frå Telemark.

## Årsmelding 2013

- Det er viktige faglege argument for å gje musea i Telemark ansvar for privatarkiv. Lokalkunnskap, nærliek og tillit frå dei ulike arkivskaparane er viktig for å kunne sikre at viktig materiale vert teke vare på og formidla for ettertid. Nærlek til brukarane er også viktig, og ein føresetnad for aktiv bruk og aktivitet knytt til arkiva. Det er også ein særskild kvalitet og dimensjon å kunne samle inn og formidle arkivmateriale, fagbibliotek og gjenstandsamling på ein stad; dei ulike kjeldene vil gje auka kunnskap og oppleveling i ljós av kvarandre. Musea har også tangerande kompetanse gjennom samlingsforvaltninga ved musea på innsamling, dokumentasjon, magasindrift og formidling, og styrka arkivkompetanse og –ressursar vil gje gjensidig sterke fagmiljø og fagfellesskap.
- oppbygginga av privatarkivordning for Vest-Telemark vil ikkje forde investeringar. Både lesesal, magasin og naudsynte tilleggsfasilitetar er allereie på plass.
- tilbodet vil vere eit viktig tillegg til våre brukarar og byggje opp under det utadretta heilårstilbodet ved det nye anlegget i Eidsborg

Eit positivt tilsegn frå departementet vil ha stor betydning for det vidare arbeidet. Det vil vere med å sikre og forplikte kommunane og fylkeskommunen sitt vidare engasjement i dette.

### Budsjett

To årsverk arkivarar inkl. sosiale utgifter	1300'
Årlege driftsutgifter	200'
<u>Kurs og fagleg nettverk</u>	<u>50'</u>
<u>Sum</u>	<u>1.550'</u>

### Finansieringsplan

Telemark fylkeskommune	600'
Kulturdepartementet frå 2015	400'
Kommunale bidrag	300'
<u>Eigenfinansiering</u>	<u>250'</u>
<u>Sum</u>	<u>1.550'</u>

For Stiftinga Vest-Telemark Museum

Eidsborg 26.02.2013

## Årsmelding 2013

Lars Bjaadal, styreleiar

Terje Haugen, nestleiar

Ingerid Hayes, styremedlem

Hanne Roholdt, styremedlem

Hege Jonassen Verpe, styremedlem

Tilman Hartenstein, tilsettes representant